

Saksbehandlar: Mari Anne Sundal, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/8058-1

Opplæringstilbod for vaksne

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne vert lyst ut saman med det ordinære opplæringstilbodet.
- 2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette og justere opplæringstilbodet for vaksne, i tråd med dei vaksne sine rettar, §4A-3.
- 3 Enkelte tilbod vert lyst ut som kombinerte tilbod for søkjararar med ungdoms- og vaksenrett.
- 4 Fylkesdirektøren skal i samarbeid med NAV utarbeide forslag til korleis eit grunnkompetansetilbod for vaksne i utvalde fagområde kan opprettast.

Vedlegg

1. Talgrunnlag vidaregåande opplæring for vaksne for 2018

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne vert regulert av opplæringslova §4A-3. Retten gjeld alle som har fullført grunnskule, men ikkje vidaregåande opplæring, f.o.m. det året dei fyller 25 år. Dette gjeld òg alle som ikkje får godkjend den vidaregåande opplæringa si frå utlandet. Den vaksne har rett til å få vurdert realkompetansen sin og til å få kompetansebevis. Dei vaksne skal til vanleg få tilbod om opplæring som er organisert særskilt for dei, i samsvar med den sluttkompetansen dei ynskjer. Det er ikkje lovheimel for å setje søknadsfristar for vidaregåande opplæring for vaksne, men fylkesdirektøren har sett 1. oktober og 1.mars som administrative fristar for å kunne handsame og gjere lovpålagde enkeltvedtak før tilboda vert starta.

Da lov om vidaregåande opplæring for vaksne vart vedteke i 1999, var målgruppa først og fremst ufaglærte vaksne med lang praksis innanfor eit fagområde. Gjennom realkompetansevurdering skulle dei få ei avkorta og tilpassa opplæring fram til den sluttkompetansen dei ønska.

I dag er gruppa meir samansett. I Sogn og Fjordane var 65% av dei vaksne søkjarane minoritetsspråklege til skuleåret 2018/19. Felles for denne gruppa er at tidlegare utdanning og praksis i liten grad er relevant og godkjend i Norge.

2. Sentrale problemstillingar

Ved å lyse ut opplæringstilbod for vaksne samtidig med det ordinære opplæringstilbodet og i samråd med arbeidslivet, vil ein gjere dei vaksne betre i stand til å treffe val som kvalifiserer for vidare arbeid. Samtidig vil støttesystemet i kommunane ha betre føresetnad for å gje god og føreseieleg rettleiing.

Samansetjinga av vaksenrettsgruppa gjer at behovet for rettleiing av den enkelte er vesentleg større enn tidlegare. Ved å lyse ut vaksenopplæringstilbodet saman med det ordinære, vil ein kunne forenkla og effektivisere inntaksprosessen for dei vaksne og frigjere ressursar til rettleiing av desse søkjarane.

Enkelte bransjar slit med rekruttering av arbeidskraft. Ved å lyse ut opplæringstilbod for dei vaksne, vil ein i større grad kunne stette behova til arbeidslivet, og søkjarane sin moglegheit for å utdanne seg til arbeid.

For å få oversyn og kunne tilby opplæring i tråd med arbeidslivet sine behov må fylkesdirektøren ha tett kontakt med NAV, partane i arbeidslivet, opplæringskontora og kommunane. Fylkesdirektøren nyttar dialogmøte og møte med arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda og opplæringskontora i samband med sak om opplæringstilbodet og seinare justering, og får såleis eit godt bilde på behova i arbeidslivet både på kort og lang sikt.

Dei geografiske tilhøva i Sogn og Fjordane gjer det krevjande å gje alle vaksne eit opplæringstilbod som etter lova skal vere tilpassa behovet til den enkelte (familie, bustad, mobilitet, helse, etc.). Vi ser òg at rekrutteringa til enkelte utdanningsprogram er låg for søkjarar med ungdomsrett.

Ei kombinasjonsløyising med grupper av ungdoms- og vaksenrettssøkjarar kan bidra til å løyse rekrutteringsbehovet i enkelte utdanningsprogram. Samtidig kan vi da ha eit meir spreitt opplæringstilbod for dei vaksne. Det vil vere naturleg å nytte same krav til oppfylling/ minimumstal søkjarar som for ordinære grupper, men det bør vere opning for bruk av skjøn i fag med stort rekrutteringsbehov.

I enkelte bransjar er det behov for arbeidstakarar med kompetanse på lågare nivå enn fagbrev eller yrkeskompetanse, såkalla grunnkompetanse. I ordinær opplæring er lærekandidatordninga eit alternativ for elevar som har mål om grunnkompetanse. Det bør i enkelte bransjar vurderast liknande løysingar for vaksne. Vi ser at ein del av våre søkjarar ikkje består eller ikkje fullfører opplæringa, der grunnar kan vere for svak norskkompetanse eller økonomiske årsaker. For mange kan ei kortare opplæring fram til grunnkompetanse, som dei eventuelt seinare kan byggje ut til fagbrev, vere den beste løysinga.

NAV gjennomfører ulike typar kurs etter sitt regelverk. I målgruppa her er det både søkjarar med og utan rett til vidaregåande opplæring. Vi har godt samarbeid med NAV om tilbod for minoritetsspråklege i helsefaga, og meiner at dette samarbeidet kan utvidast til å gjelde grunnkompetansetilbod for vaksne. Opplæringstilbod av denne typen kan derfor vere eit tilbod administrert av fylkeskommunen i nært samarbeid med NAV, og gje deltakarane grunnkompetanse. Ei slik ordning må avklarast juridisk før ho vert sett i gang.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren meiner at dei tiltaka som ligg i tilrådingane, vil ha fleire positive konsekvensar:

- Eit føreseieleg opplæringstilbod basert på behov for arbeidskraft, vil føre til betre og raskare intergrering ved at flyktningar kjem raskare ut i jobb.
- Eit meir geografisk spreitt kombinasjonstilbod for unge og vaksne, vil gjere det lettare å tilpasse opplæringa til den vaksne sitt behov for å få opplæring nær bustad og familie.
- Ei grunnkompetanseordning for vaksne i utvalde fagområde, vil gjere det mogleg for fleire å få tilpassa opplæring som raskare fører til arbeid.

Rettslege konsekvensar

Opplæringstilbodet for vaksne i vidaregåande opplæring vert lyst ut samtidig med det ordinære opplæringstilbodet.

Etter § 4A-3 har vaksne rett på å få opplæring i samsvar med ønska sluttkompetanse. Fylkesdirektøren vurderer at fylkeskommunen likevel kan lyse ut tilbod som ut frå erfaring har stor søknad og/eller som arbeidslivet etterspør. Ein må likevel ta høgde for at enkelte vaksne ønskjer og kan ha rett til sluttkompetanse som ikkje er utlyst. Fylkesdirektøren vil framleis ivareta denne retten for dei det gjeld.

Enkelte tilbod vert lyst ut som kombinerte tilbod for søkjararar med ungdoms- og vaksenrett

I eit kombinert tilbod vil det vere elevar med ungdomsrett etter §3-1 og deltakarar etter §4A-3. Dei ulike rettsgruppene har ulike rettar etter opplæringslova. Dei aktuelle gruppene vil vere relativt få og oversiktelege. Skulane vil derfor vere i stand til å gje fleksible løysingar som tek vare på begge gruppene sine rettar.

Regelen om fråværsgrænse på 10% i enkeltfag gjeld ikkje dei vaksne deltakarane, men dei har plikt til å møte opp og delta i opplæringa for at skulen skal få vurderingsgrunnlag. Dei vaksne har ikkje rett til gratis skuleskyss, noko som òg kan skape utfordringar. Fylkesdirektøren ser derfor at det er ekstra viktig med god informasjon og forståing av dei ulike rettane når kombinasjonsklassane blir starta opp.

Fylkesdirektøren skal i samarbeid med NAV utarbeide forslag til korleis eit grunnkompetansetilbod innan utvalde fagområde kan opprettast.

Grunnkompetanseløp ligg ikkje inn under §4A-3 vaksenretten. For å kunne gje slike tilbod i dei bransjane det er behov, må det gjerast nærmare juridiske avklaringar m.a. om kva regelverk deltakarane skal få opplæringa etter.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Opplæringstilbodet for vaksne i vidaregåande opplæring vert lyst ut saman med det ordinære opplæringstilbodet

Fylkesdirektøren ser ikkje at ny ordning for utlysing av opplæringstilbod for vaksne har økonomiske konsekvensar. Vaksne med rett vil fortsatt bli prioriterte ved inntak. Oppfyllingsgraden kan auke i einskilde grupper.

Enkelte tilbod vert lyst ut som kombinerte tilbod for søkjararar med ungdoms- og vaksenrett

Ei ordning med kombinasjonsklassar vil kunne gje ei økonomisk vinning på grunn av større oppfyllingsgrad. Samtidig vil eit breiare og geografisk meir spreidd tilbod kunne føre til auka utgifter til opplæringa. Kostnadene til kombinasjonsklassane må delast mellom budsjetta for vaksenopplæring og ordinær opplæring innanfor fastsette økonomiske rammes. Ein må kome tilbake til prinsipp for fordelinga av kostnadene ved eventuelle låge søkjartal for ei av søkjargruppene.

Fylkesdirektøren skal i samarbeid med NAV utarbeide forslag til korleis eit grunnkompetansetilbod innan utvalde fagområde kan opprettast

Oppretting av grunnkompetansetilbod vil medføre noko auka kostnader. Dette er vanskeleg å talfeste, da omfang og løysingar vil vere ulike frå fagområde til fagområde. I tillegg vil ein her sjå på mogleg kostnadsdeling med NAV. Oppretting av slike tilbod vil kunne føre til at fylkeskommunen kan gje fleire med vaksenrett tilpassa opplæring, at fleire gjennomfører opplæringa, og at fleire kjem i jobb.

4. Konklusjon

Framlegget til tilråding vil gje meir føreseieleg, spreitt og tilpassa opplæringstilbod for dei vaksne, samtidig som tilboda blir lyste ut i samråd med arbeidslivet sine behov. Samtidig kan tiltaka vere positive i programområde med låg ungdomssøking. I saka om opplæringstilbodet for 2019-2020 kjem fylkesdirektøren med tilråding om kva tilbod som skal lysast ut for vaksne og tilbod som skal lysast ut som kombinasjonsgrupper.